


Alversund, 04.01. 2016

Til FG Eiendom AS (Alver Brygge)
v/ daglig leder Frank Rune Dale



Arbeidet på vegen ned til Garveritomta.

Syner til tidlegare kontaktar både i samtale og brevsform.

I samband med bygging av delvis ny vegtrase på nedsida av vår eigedom sette du opp nokre stikker innpå hjå oss for 1-2 år sidan. Vi fekk ei munnleg orientering der og då om korleis vegen skulle rettast ut for å betre siktlinjer. Det er fint at sikkerheita blir ivaretakken no når området skal bli gradert opp.

Når det no nærmar seg oppstartning av arbeidet saknar vi konkrete planer som vedrører vår eigedom. Vi er jo som dei fleste andre interessert i å vite korleis vår eigedom blir sjåande ut når store endringar skal skje. I lys av dette vil vi etterspørje dokumentasjon på fylgjande:

- Målsett teikning som syner nøyaktig korleis veg/ fortau blir lagt.
- Teikning som syner kotehøgder på veg/ fortau og mur.
- Alternativ for korleis de vil sikre vårt terreng, blir dette betongmur eller naturstein.
- Kotehøgder på murar/ sikring.
- Ein plan eller beskriving som syner korleis vårt hageareal blir attendeført, då sjølvsagt med omsyn til at vi må kunne vedlikehalde det.
- Fint om planting av busker og sikring/ gjerde også synes, eller om vi kan få alternativ for dette.
Vi ynskjer sjølvsagt ei heilhet på eigedommen.
- Blir muren som skal setjast opp ei forlenging av eksisterande mur?

Som du forstår har vi ein del spørsmål vi ynskjer å få attendemelding på.

Om dialogen er open og alt kan sendes skriftleg er det mindre rom for mistydingar, og det er jo ynskjegleg for alle.

Er takksam for attendemelding på dei spørsmål vi her har stilt og ser frem til eit greitt samarbeid i tida som kjem.

Med venleg helsing

Gjøa Ese Reidar Berntsen
Gjøa Ese Reidar Berntsen